



# Strategiplan 2014 - 2018

## **HOVUDVISJON:**

Rosendal Turnlag skal utvikle ein brei aktivitet, med fokus på god helse, allsidigheit, samhald og glede. Vi skal utvikle sunne og gode haldningar for dei som ynskjer å satse på idrett.

### **KJERNEOMRÅDE**

**Aktivitet**

**Rekruttering**

**Idrettsskule**

**Anlegg**

**Økonomi**

**Kommunikasjon**

**Kompetanse**

**Mål for kvart område:**

#### **Aktivitet:**

Rosendal Turnlag skal vere det naturlege førstevalet når barn og unge vel aktivitet. Difor må vi kunne tilby bredde og allsidigheit i tilbodet vårt. Ingen må kjenna seg utestengd med ei kjensle at dei ikkje er gode nok. Vi skal vere ein viktig og positiv aktør i lokalsamfunnet.

#### **Anlegg:**

Vi vil utvikle området rundt Rosendal stadion til eit aktivitets – og idrettsområde. Eit naturleg mål i denne perioden vil vere å få etablert Friplassen.

#### **Økonomi:**

Det bør vere eit mål at RT kvart år skal gå med overskot. Kvar gruppe bør gå i balanse.

#### **Kommunikasjon:**

Den viktigaste kommunikasjonen må gå gjennom heimesida vår. Difor må vi heile tida vere oppdaterte og utvikle sida. Alle trenarar og leiarar må nytta sida aktivt.

**Kompetanse:**

Vi skal ha eit høgt nivå på trenarar og leiarar. Vi må stimulere til utdanning på alle nivå. Kvar gruppe må ha sine egne målsettingar. Basistrening.

**VÅR VISJON:**

- Området rundt Rosendal stadion skal bli eit samlingscenter for alle aldersgrupper
- Tilby eit trygt og godt oppvekstmiljø. Vekt på sosial profil. Ikkje godta mobbing
- Eit miljø som stimulerer born og unge til eit aktivt liv også i vaksen alder
- Stimulere og rettleie dei som vil ha ei idrettsleg utvikling til vidare satsing

**Styret si oppgåve:**

- Trekke langsiktige linjer for laget si drift
- Kalla inn til møter
- Drifte laget med ein sunn økonomi og effektiv administrasjon
- Utvikle anlegg
- Ha ein effektiv klubbadministrasjon i tråd med retningslinjene frå Norges Idrettsforbund.
- Samordna arbeid i og mellom gruppene

**Aktivitet**

**Tre viktige faktorar:**

- Idrettskule. Hovudsatsing for alle grupper i vinterhalvåret for aldersgruppa 6-10
- Basistrening. Alle grupper ein kveld i veka om vinteren
- Reint idrettslag. Bør ha det klart i løpet av våren 2014.



# Strategiplan

## ”Fotball gruppa”

### 2013 - 2018

## **HOVUDVISJON:**

Rosendal Turnlag - **fotball gruppa** skal utvikle ein brei aktivitet, med fokus på god helse, allsidigheit, samhald og glede. Vi skal utvikle sunne og gode haldningar for dei som ynskjer å satse på idrett.

### **KJERNEOMRÅDE**

**Aktivitet**

**Rekruttering**

**Idrettsskule**

**Anlegg**

**Økonomi**

**Kommunikasjon**

**Kompetanse**

**Mål for kvart område:**

#### **Aktivitet:**

**Rosendal Turnlag si fotballgruppe skal tilby bredde og allsidigheit frå mini til oldboys og frå leik til proff. Ingen må kjenna seg utestengd med ei kjensle av at dei ikkje er gode nok. Vi skal vere ein viktig og positiv aktør i lokalsamfunnet.**

**Mål 1; Minst en lag går kvart år til sluttspel i Norway cup.**

**Mål 2: Vi skal ha spesiell meksemnd på spelarar under 10 år for å sikra trivselen deira. Dette for å sikra at ingen fell frå på grunn av dårleg kommunikasjon mellom leiarar og spelarar. Det er og viktig å slå ned på mobbing.**

**Mål 3: Fotballgruppa skal være sertifisert Fair play Club og aktivt jobba rund temaet for å kontinuerleg forbetring av haldningar.**

### Anlegg:

Vi vil utvikle området rundt Rosendal stadion til eit aktivitets – og idrettsområde i lag med RT sitt styre.

**Mål 4: Halda anlegg open hele året for organisert og uorganisert fotball.**

**Mål 5: Halda anlegga i god stand til ei kvar tid og ha nok og godt utstyr for alle lag.**

### Økonomi:

Fotballgruppa skal vera motoren bak sponsorinntekter for RT.

**Mål 6: Fotballgruppa skal kvart år har eit overskot på min. 10% av omsetning Dette overskotet skal avsetjast til utvikling av anlegget. (obs overskot skal ikkje brukast til vedlikehald)**

### Kommunikasjon:

Den viktigaste kommunikasjonen må gå gjennom heimesida vår. Difor må vi heile tida vere oppdaterte og utvikle sida. Alle trenarar og leiarar må nytta sida aktivt.

**Mål 7: Alle lag skal publiserer min. 8 artiklar per sesong på [www.rosendal-turnlag.no](http://www.rosendal-turnlag.no)**

### Kompetanse:

Vi skal ha eit høgt nivå på trenarar og leiarar. Vi må stimulere til utdanning på alle nivå.

**Mål 8: Kvar trener skal gjennomføra min. eit kurs/utdanning/seminar per sesong.**

**Mål 9: Kvart år skal min. 2 personar gjennomføra dommarkurs.**

**Mål 10: Min. 20 personar skal delta på basis trening kvart år.**

### VÅR VISJON:

- Området rundt Rosendal stadion skal bli eit samlingscenter for alle aldersgrupper.
- Tilby eit trygt og godt oppvekstmiljø. Vekt på sosial profil. Ikkje godta mobbing.
- Vera eit miljø som stimulerer born og unge til eit aktivt liv også i vaksen alder.
- Stimulere og rettleie dei som vil ha ei idrettsleg utvikling til vidare satsing.

**Slutt**

## **Strategiar og visjon for Turgruppa**

### **Visjon:**

Turgruppa skal jobba for at flest mogleg oppdagar gledene ved å ferdast i naturen. Det skal vi fyrst og fremst gjera ved å kvart år skipa til 5-fjellsturen og Kvinnheradløpet. Vi veit at aktivitetane våre er positive for både kropp og sjel, og såleis er svært viktige i eit folkehelseperspektiv.

### **Miljø:**

Aktivitetane våre skal alltid gjennomførast med stor respekt for naturen. All tilrettelegging, merking og bruk av turstiar skal skje på ein så varsam måte som mogleg. Vi vil elles spreia sunne verdiar. Folk må gjerne nytta naturen på ulike måtar året gjennom, men vi oppmodar om at dyre- og plantelivet ikkje vert forstyrra meir enn naudsynt. Alt ikkje-biologisk avfall skal ein sjølvst ta med seg heim.

### **Tryggleik:**

Turgruppa har per i dag T-merka løyper til Melderskin, Skeisfjell, Nordlifjell, Malmangernuten, Skålafjell, Skjethaug, Kjeldestøl og Myrdalsvatnet. I Norge har kvar einskild ansvar for eigen tryggleik når dei ferdast i naturen. Dette omfattar å sjølv vurdere eigen kapasitet, vêr- og føretilhøve, og at ein har naudsynt utrusting med seg. Turgruppa vil likevel syta for at løypene er i slik stand at ukjente kan finna fram på eigenhand, og med så stor grad av tryggleik ein kan forventast. Dette gjer vi ved å tilretteleggja turstiar med rydjing, steinsetjing, bygging av bruer og klopper, varding, T-merking, informasjonstavler og skilting, med meir i samsvar med instruksjonar frå DNT (Den norske turistforeining). Turstiane vert elles kontrollerte med jamne mellomrom. Spesielt utsette område kan bli ekstra sikra; enten ved å flytta stien, ta bort lause steinar, eller setja opp sikringstau/kjetting.

### **Rekruttering:**

Å la nye generasjonar finna glede av fysisk fostring i naturen, er ei viktig oppgåve for Turgruppa. Både 5-fjellsturen og Kvinnheradløpet er godt eigna for yngre, og gjev dei ei perfekt innføring i friluftslivet. Kvinnheradløpet, som vert arrangert fyrste søndagen i oktober, har eiga utgåve for skulane på fredagen før.

### **Organisering:**

Turgruppa skal ha eige styre, med minst tre og maks seks medlemmer. Styret skal ha minst to styremøte og eitt årsmøte årleg. Styret skal ha faste stillingar som leiar, nestleiar, fjelltrimansvarleg, skrivar og valkomité, men stillingane kan kombinerast. I tillegg skal minst éin av styremedlemmene ha ansvar for Kvinnheradløpet.

Styret skal ha årsmøte med val i løpet av januar. Hovudlaget har normalt sitt årsmøte i februar, før den tid skal Turgruppa overlevere forslag til leiar og nestleiar i gruppa til valkomiteen i hovudlaget.

### **Økonomi:**

Turgruppa disponerer eigen konto, som også er ein del av hovudlaget sin rekneskap. Gruppa skal til ei kvar tid ha ein solid økonomi, og vil berre nytta pengar på tiltak som har samanheng med vår visjon. Turgruppa skal opptre seriøst og skikkeleg overfor kundar og leverandørar.

Rosendal, 31. oktober 2013.

## **STRATEGIPLAN 2013-2018**

### **ROSENDAL TRIM**

Rosendal Trim skal vera ein sunn arena for styrke- og uthaldstrening. Vi skal tilby eit variert treningstilbod til ein rimeleg kostnad for alle grupper menneskjer.

#### **Planområde 1: Satsing på styrkeløft**

Det er eit spirande styrkeløft miljø i Rosendal. Dette vil vi bygge opp under. Dette gjer vi gjennom eit nært samarbeid med Bergen Styrkeløft klubb, samtidig som vi har tilgjengeleg utstyr som er tilpassa styrkeløft miljøet. Vi ynskjer å arrangere lokale og regionale styrkeløftstemne då dette vil kunne bidra til auka interesse for styrkeløft.

#### **Planområde 2: Antidoping arbeid**

Rosendal Trim ynskjer å vere tydelege i sitt antidoping arbeid. Rosendal Trim vil difor bidra til at Rosendal Turnlag melder seg som ”Rent idrettslag” og bruke antidoping Norge sin kunnskap, materiale og haldningar for å ta eit klart standpunkt mot doping. Det gjer vi gjennom sunne verdiar, nulltoleranse for doping og gjennom tydeleg å markere oss som Rent idrettslag i form av annonser, postere og liknande.

#### **Planområde 3: Investering av nytt treningsutstyr**

Rosendal Trim har eit breitt utval av vekter, apparat og etterkvart også ein veksande kondisjonspark. Mykje av utstyret er dog gammalt og ein del må skiftast ut over dei neste åra. Det er då viktig å kjøpe inn utstyr som er tilpassa eit treningssenter miljø med mykje bruk. Denne type utstyr er dyrt i innkjøp, men vil over tid kunne sparast inn i form av mindre utskifting, reparasjonar og meirarbeid. Det vil difor leggest vekt på å investere i kvalitetsutstyr som vil halde over lang tid.

#### **Planområde 4: Rehabilitering og oppgradering av fasilitetar**

I løpet av 2013/2014 er det forventa ei oppgradering av garderobar i trimsenteret, samtidig som det er kome indikasjonar på at ein del av vegg med vindaugar ned mot fotballbanen må rivast til fordel for ein tett murvegg. Dette på grunn av brannforskrifter. Det heile vil uansett kunne nyttast til Rosendal Trim sin fordel og vi ynskjer etter at dette arbeidet er ferdigstilt å



ha ei ”nyopning” av senteret med annonser i avisa og liknande for å tiltrekke oss nye medlemmar.

#### **Planområde 5: Samarbeid med lokale lag, organisasjonar og bedrifter**

I samanheng med pkt. 4 vil vi nytte høve til å gå breitt ut mot næringslivet og tilby rabattordningar til tilsette i ulike bedrifter mot at bedriftene går inn med ein høveleg sum. Det er eit mål over dei neste åra å etablere fleire bedriftsavtalar. Allereie i dag har Rosendal Trim samarbeid med institusjonar som 2kryss, Frisklivssentralen og fysioterapeut Sveinung Eskeland. I tråd med Rosendal Turnlag sitt mål om å bidra til ei betre folkehelse vil Rosendal Trim også i åra framover vere positive til gunstige avtalar med liknande lag eller organisasjonar der vi kan hjelpe personar med særskilde behov til å få nytte av lokala våre.

#### **Planområde 6: Instruksjon til nye medlemmar**

Rosendal Trim har i dag brukarar i alle aldersgrupper, både menn og kvinner. Vi har likevel fått indikasjonar på at spesielt kvinner kan ha ynskje om ei innføring og instruksjon i bruk av trimsenteret. Vi tar difor sikte på å gjennomføre eit par kveldar i året der nye medlemmar kan kome og få veiledning i bruk av dei ulike apparata.